

## MØTEREFERAT



**STYREMØTE, fredag 21. april 2017 kl. 15-17  
STAD: Vika velferdssenter, Hol.**

Tilstades: Margarethe L'orange, Odd Oleivsgard,  
Maria Søndrål, Ola Ruud, Grethe Larsgard  
Rudningen og Eva Amhjell.

Referat: Grethe Larsgard Rudningen

	<b>Tema</b>	<b>Ansvar/Oppfølging</b>
1	Gjennomgang av dagsorden for årsmøte 2017	<p>Styret hadde ingen merknader.</p> <p>Styreleiar takka Margrethe L'orange for tilrettelegginga av 2017-årsmøtet!</p>
2	Sidan sist:	<p>Eva Almhjell.</p> <p>- 31.3.17: Besøk på Inst. for sjølesorg, Modum, saman med Eva-Cecilie Sletto for å finne Mimi Falsen-måla portrett av Eva-Cecilie s mor, Eva Sletto. Interessant utstilling. Mimi Falsen er Askerbu. Asker Museum skal ha M. Falsen-utstilling i 2018. Sletto budde i Asker sommaren og hausten 1909, som gjest hjå Inga Falsen Gjerdrum, syster til Mimi F. Også ho budde der. Slettos budde fast på Volden i Asker i åra 1912-1917. Er dette grunnlag for samarbeid mellom OSS og AM? Eva A. skal ha møte med Asker Museum om dette 2. mai 2017. Styret nøgd.</p> <p>- OSS v/EvaA deltok i årsmøtet i Per Sivle-laget 1.-2.4.17 i Flåm. Nyttig og lærerikt. Eva følgjer opp kontakten med laget. Styret nøgd.</p> <p>- Digitaliseringa av Sletto-arkivet: Margarethe har gjort ferdig boks 19. Den er returnert til Bygdearkivet. Eva Cecilie Skaarberg arbeider med boks 18 – brev frå Alf Larsen til Olav Sletto. Aktuelt og spennande stoff! Eva har transkribert omkring 125 brev mellom Karin og Olav Sletto. Spennande breveksling! Lærerikt! Mykje att! Styret og transkribentar nøgd.</p> <p>- Røynsler med boksal etter ny modell: kr. 140 går uavkorta til OSS – uansett salspris over dette. Stor fordel for OSS, då vi er over i Mammut-fasen med både Per Gjetar og Anne-boka. Styret vel nøgd.</p> <p>- Eva har sendt Sletto-fortellingar til Hol kommune/DKS og Leveld skule (Nissen i Sletto og Haugafolket på Helgeset). Førebels ingen respons. Maria S. lagar tilsvarande fortellingar av utdrag frå "Per Sjøl". Styret nøgd med at innspel er sendt. Siste: Maria har levert eit kapittel frå Per Sjølv om "Bokstavane".</p> <p>- Innspel til Hol historielag: Eva har sendt to taler OS skreiv på 1950-talet til høvesvis orgelvigsla i Hovet og spelemannsfest på Bygdahall til ev. bruk i "Under Hallingskarvet 2017". Ingen respons. Styret nøgd med at innspel er sendt.</p> <p>- Eva sendt OS-tale om "Dalen og dølen" til ev. bruk i Dølaminne 2017. Positiv respons frå redaktøren, men det er redaksjonen som avgjer. Styret nøgd.</p> <p>- Nasjonalbiblioteket har digitalisert og publisert alle OS sine 44 bøker på bokhylla.no Evas art. om dette er publisert Hallingdølen, både elektronisk og i papirversjonen 8.4.17. Styret nøgd.</p> <p>- Nissen i Sletto-fortellinga sendt "Juleroser" – laber respons.</p>

		<p>- Eva A-møte med Olav Sataslätten. Spennande moglegheiter for å utvikle samarbeid om digital formidling og mykje meir. Han inngår i <b>ei ressursgruppe styret har knytt til seg over år</b>. Styret ynskjer å invitere Sataslätten til neste styremøte.</p> <p>- Oddvar Reinton har fått på plass låsbart skåp med glassdør på delar av bokhylle i Sletto-rommet. Styret nøgd.</p> <p><b>Oppsummert: Styret er vel nøgd med alt som har hendt sidan sist, og støttar det vidare arbeid med oppfølging av nettverket frå leiaren si side.</b></p>
3	Økonomi 2016	Ola Ruud gjorde greie for rekneskapen for 2016. Styret merka seg revisormerknad om at private utlegg må påførast informasjon om kven og kva fakturaen gjeld. Styret nøgd.
4	Søknader om støtte til OS-DAGEN 2017	OSS har sendt 7 søknader og så langt fått kr. 5000 frå Ål kommune og kr. 5000 frå Ål mållag. Ingenting frå SKUE. 4 søknader frå OSS står att å behandle. Styret vel nøgd.
5	Budsjett 2017	Me har eit nøkternt budsjett og held oss innanfor dei rammene me har. Styret nøgd.
6	Eventuelt	<p>Medlemsstatus: 4 medlemmer har gått bort i 2016: Knut Seim 5.5., Thor Sletto 25.9., Torleif Ro 25.11. og Kåre Olav Solhjell 10.12.2016. Arne Skogheim - minneord om Kåre Olav før årsmøtestart.</p> <p>4 medlemmer har meldt seg ut.</p> <p>8 nye medlemmer er komne til etter OLAV SLETTTO-DAGEN 2016.</p> <p>Me har 84 medlemmer som har betalt og 91 medlemmer i alt pr. dd.</p>